KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse etter anskaffelsesforskrifta del I og II

for anskaffing av

Varmesentral – brønnpark

Strandebarm skule
Tolo Varmesentral

2. gongs utlysing

Innhaldsliste

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgjevar 3
1.2 Anskaffinga sitt formål og omfang 3
1.3 Leverandørutarbeida kravspesifikasjon 3
1.4 Kontraktsvilkår 3
1.5 Krav til løns- og arbeidsvilkår 4
1.6 Krav til bruk av lærlingar 4
1.7 Prisjustering og indeksregulering 4
1.8 Deltilbod 4
1.9 Parallelle og alternative tilbod 4
1.10 Atterhald om løyve/finansiering 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 4
2.1 Anskaffingsprosedyre 4
2.1 Viktige datoar 5
2.2 Anbodssynfaring 5
2.3 Offentlegheit og teieplikt 5
2.4 Tilleggsopplysningar 6
2.5 Språk 6
2.6 Avvik 6
2.7 Leverandøren sine deltakingskostnadar 6
2.8 Avvisning av tilbod 6
3 KVALIFIKASJONSKRAV 7
3.1 Attest for skatt og mva. (skatteattest) 7
3.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling 7
3.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet 7
3.4 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar 8
3.5 Miljøleiing 8
3.6 Støtte frå andre føretak 8
4 TILDELINGSKRITERIUM 9
4.1 Tildelingskriterium 9
4.2 Evaluering/vurdering av tilboda 9
4.3 Klima og miljø 9
5 INNLEVERING AV TILBOD 10
5.1 Atterhald 10
5.2 Levering av tilbod og dokumentasjon 10
5.3 Elektronisk signatur 10
6 VEDLEGG 10

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kvam herad. For nærare informasjon om oppdragsgjevar, sjå www.kvam.no.

All kommunikasjon med oppdragsgjevar, inklusiv spørsmål til konkurransen, skal skje i innkjøpssystemet Artifik.

1.2 Anskaffinga sitt formål og omfang

Formålet med innkjøpet er å inngå kontrakt med totalentreprenør om etablering av ny varmesentral med væske/vatnvarmepumpe (R290) og brønnpark ved Strandebarm skule og Tolo varmesentral ved Tolo omsorg. Anskaffinga har ei økonomisk ramme på om lag 10 – 12 MNOK eks. mva. og arbeidet har sluttfrist 31.03.2027.

Tiltaka skal gjennomførast som ein totalentreprise. Prosjektet ved Strandebarm skule har prioritet framfor prosjektet på Tolo omsorg. Det er utarbeida eigen behovsspesifikasjon for kvar av prosjekta.

Leverandøren må under utføringa av prosjektet ha god dialog med VA-avdelinga til Kvam herad, slik at det ikkje vert konflikt med eventuelle planar dei har i områda.

Fullstendig skildring av leveransen følgjer av kravspesifikasjonen i Dokument 02 *Behovsspesifikasjon varmesentral-brønnpark Strandebarm skule* og Dokument 03 *Behovsspesifikasjon varmesentral-brønnpark Tolo varmesentral*. Det ligg også vedlagt tilbodsteikningar og leidningskart.

1.3 Leverandørutarbeida kravspesifikasjon

I førebuinga til denne anskaffinga har Tecno VVA AS vore involvert i utarbeiding av kravspesifikasjonen og prosjektering av det tekniske anlegget. Kravspesifikasjonen er kvalitetssikra og nøytralisert av Oppdragsgjevar før kunngjering for å unngå spesifikke krav som potensielt kan gje fordelar for Tecno VVS AS i konkurransen.

For å ytterlegare nøytralisera fordelar knytt til førebuing og kunnskap om konkurransen vert tilbodsfristen forlenga med 10 dagar meir enn minimumskravet på 30 dagar, til total tilbodsfrist på minimum 40 kalenderdagar.

1.4 Kontraktsvilkår

Kontrakten, i form av totalentreprise, vert regulert av kontraktsvilkåra i NS 8407, med følgjande særlege kontraktsvilkår:

For framdrift gjeld:

- Arbeidet har sluttfrist **31.03.2027.** Denne milepålen er dagmulktsbelagt.
  Dagmulkt er i denne kontrakten sett til kr 3 000 pr. arbeidsdag (man-laurdag)
- Total varigheit på alle arbeider ut over tilbydd framdriftsplan er dagmulktsbelagt.

For miljøkrav i denne kontrakten gjeld fylgjande kontraktvilkår for brot på miljøkrava:

- Oppdragsgjevar har rett til å kontrollere at alle kontraktsvilkår vert etterlevd.
- For kvar dag med brot av miljøkrav enn det som er avtalefesta, kan oppdragsgjevar gje eit trekk i kontraktssummen på inntil kr 10 000 eks. mva. per brot.
- Om plikta til dokumentasjon eller oppfylling av miljøkrav vert misleghalde, kan byggherren ilegga eit trekk på inntil kr 100 000 eks. mva. per tilfelle.
- Eventuelle trekk vert utførd som del av sluttoppgjer.
- Oppdragsgjevar skal utan ugrunna opphald varsle leverandøren om avvik, slik at han får moglegheit til å retta opp forholdet.

1.5 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår. Dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

1.6 Krav til bruk av lærlingar

Kontrakten vil innehalda krav til bruk av lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stilla krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar (FOR-2016-12-17-1708).

1.7 Prisjustering og indeksregulering

Det vert ikkje opna for prisjustering i kontrakten.

1.8 Deltilbod

Det er ikkje tilgang til å gje tilbod på delar av oppdraget. Oppdraget skal utførast som ein totalentreprise, og det vil då ikkje vera mogleg med deltilbod.

1.9 Parallelle og alternative tilbod

Parallelle og alternative tilbod vert ikkje aksepterte.

1.10 Atterhald om løyve/finansiering

Det er ein føresetnad at prosjektet vert gjennomført innanfor dei økonomiske rammene som er gjevne.

Avlysing grunna for høge tilbod, manglande konkurranse eller anna sakleg grunn vil ikkje medføra grunnlag for kompensasjon eller erstatning.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Innkjøpet vert gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del II. Kontraktstildeling vert gjennomført etter prosedyren open tilbodskonkurranse, jf. FOA §§ 8-3 og 9-2.

Oppdragsgjevar planlegg å tildela kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjennomføra eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjord etter ei vurdering av tildelingskriteria, og det vil ikkje verta forhandla med fleire enn maksimalt 4 leverandørar. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forventa dialog om tilbodet sitt og derfor må levera sitt beste tilbod.

Leverandøren vert på det sterkaste oppmoda til å følgja dei anvisingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stilla spørsmål ved uklarleikar.

2.1 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Anbodssynfaring	*01.09.2026 kl. 10 (info i pkt. 2.2 under)*
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget	23.09.2026 kl. 12.00
Frist for å levera tilbod	**01.10.2026 kl. 12.00**
Eventuell dialog/forhandling	Veke 41, 2026
Tildeling	Veke 41/42, 2026
Tilbodet sin vedståingsfrist	3 mnd. rekna frå tilbodsfrist

Det vert gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenging av tilbodet sin vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2.2 Anbodssynfaring

Det vert gjennomført anbodssynfaring tysdag 1. september 2026. Oppmøte ved Strandebarm skule, Strandebarmsvegen 369, 5630 Strandebarm, kl. 10.00. Etter synfaringa i Strandebarm går turen vidare til Tolo omsorg i Norheimsund, Aldehagevegen 14, 5600 Norheimsund, med oppstart synfaring kl. 13.00. Frist for påmelding til synfaring er fredag 28. august 2026 og påmelding skal sendast i meldingsmodulen i Artifik innan denne fristen.

Eventuelle spørsmål knytt til anbodssynfaring skal sendast i Artifik.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

Informasjon som partane blir kjende med i samband med konkurransen og gjennomføringa av oppdraget skal handsamast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan ettersamtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følger av forvaltningslova og offentleglova.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren uavhengig av dette vurdera kor vidt opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekta innsyn i samsvar med offentleglova.

2.4 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar frå oppdragsgjevar via Artifik.

2.5 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk.

2.6 Avvik

Leverandøren skal ved innlevering av tilbod oppgje eventuelle avvik frå konkurransegrunnlaget. Avvik skal opplysast presist og eintydig, og skal på ein klar og presis måte referera til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller kontrakt.

2.7 Leverandøren sine deltakingskostnadar

Kostnadar som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje verta refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgjevaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske plikter.

2.8 Avvisning av tilbod

Tilbod kan verta avviste i tråd med reglane i FOA §§ 9-4 til 9-7.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunna få tilbodet sitt evaluert må leverandøren dokumentera at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er gjeve nedanfor. Oppdragsgjevar ber om at all relevant dokumentasjon for oppfylling av kvalifikasjonskrav vert levert saman med tilbodet.

3.1 Attest for skatt og mva. (skatteattest)

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	Skatteattest ikkje eldre enn 6 månadar rekna frå tilbodsfristen. Med skatteattest meinast: • Attest for skatt og meirverdiavgift utskrive av skattekontoret via Altinn.

3.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vera registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Firmaattest

3.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunna utføra kontrakten. *Kredittverde utan krav til sikkerheitsstilling* vil vera tilstrekkeleg til å oppfylla kravet.	• Kredittvurdering som baserar seg på siste kjende rekneskapstal. Kredittvurderinga skal vera utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å driva slik verksemd. Ved behov tek oppdragsgjevar atterhald om å henta inn supplerande dokumentasjon knytt til økonomisk og finansiell stilling. All levert eller innhenta informasjon vil danna grunnlag for ei samla vurdering av om kvalifikasjonskravet er oppfylt.

3.4 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha erfaring frå samanliknbare og tilsvarande totalentreprisar på varmeanlegg (inkl. varmesentral, varmepumper og brønnparkar).	Skildring av 3 av dei mest relevante oppdrag leverandøren har hatt dei siste 5 åra. Skildringa må inkludera opplysningar om verdi, tidspunkt og mottakaren til kvar av dei tre oppdraga (namn, telefon og e-post). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentera relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentera erfaringa ved å visa til kompetanse til personell han rådar over og kan nytta til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

3.5 Miljøleiing

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha eit miljøleiingssystem eller driva etter ein standard for miljøleiing.	Attest/bevis for leverandøren sitt miljøleiingssystem eller standard for miljøleiing gjeve av eit uavhengige organ, f.eks. Miljøfyrtårn, ISO 14001, eller liknande organ for miljøsertifisering. *eller* Ei beskriving av leverandøren sine tiltak og standardar for miljøleiing (med bl.a. fokus på innkjøp, materialval, avfallshandtering og transport).

3.6 Støtte frå andre føretak

Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre føretak for å oppfylla krava til økonomisk/finansiell kapasitet og tekniske/faglege kvalifikasjonar, vil oppdragsgjevar krevja at dei er solidarisk ansvarlege for utføring av kontrakten. I slike tilfelle vert det kravd dokumentasjon i form av erklæring av forplikting, solidaransvar mellom leverandøren og føretak han støtter seg på for heile kontraktsperioden.

4 TILDELINGSKRITERIUM

4.1 Tildelingskriterium

Tildelinga vil skje på bakgrunn av følgjande kriterium:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris, vekta 70 %: Under dette kriteriet vert det vurdert: - totalsum/evalueringssum	Ferdig utfylt dokument 04 *Svar og prisskjema*
Kvalitet - oppgåveforståing, vekta 30 %: Under dette kriteriet vert det vurdert tilbydar si oppgåveforståing, bl.a. korleis oppdraget er tenkt gjennomført, med fokus på følgjande hovudpunkt: • Prosjektering • Gjennomføring og framdrift • Sikkerheit og HMS • Miljø • Dokumentasjon	Tilbydar si beskriving av totalentreprisen, inntil 800 ord totalt, som lastast opp sammen med tilbodet. Dersom beskrivinga er lengre enn 800 ord, vil oppdragsgjevar kun sjå på dei 800 fyrste orda. Merk at det ikkje vert evaluert på innhold i eventuelle lenker eller henvisningar til andre vedlegg, og heller ikkje på bilete/biletedokumentasjon.

4.2 Evaluering/vurdering av tilboda

Ved evaluering av pris blir det nytta ein skala frå 0-100 kor lågaste pris vert gjeve 100 poeng. Poenga for prisar og kostnader blir vurdert ut frå ein forholdsmessig prisforskjell omrekna i poeng i forhold til lågaste pris, etter følgjande formel: (lågaste pris / tilbodspris) x makspoeng (100 poeng).

Det vert gjeve poeng på ein skala frå 0 til 100, der 100 er best. Det tilbodet som blir vurdert som best for kvart kriterium oppnår 100 poeng. Dei andre tilboda får poeng ut i frå eit skjøn basert på korleis kvart enkelt tilbod vert vurdert i forhold til det beste tilbodet.

4.3 Klima og miljø

Grunngjeving for unntak frå bruk av klima og miljø som tildelingskriterium:

Jf. FOA § 7-9 *Klima- og miljøhensyn i offentlige anskaffelser*, skal krav og kriterium ha som mål å redusera anskaffinga sitt samla klimaavtrykk eller miljøbelastning. I denne anskaffinga er oppdragsgjevar si vurdering at målet best vert oppnådd ved å stilla spesifikke miljøkrav til materiell, installasjonar, avfallshandtering og utføring.

Vurderinga, totalt sett i denne anskaffinga, er at oppdragsgjevar ikkje oppnår nokon betre klima- og miljøfordel ved å nytta miljø som tildelingskriterium.

5 INNLEVERING AV TILBOD

5.1 Atterhald

Eventuelle atterhald og avvik frå konkurransegrunnlaget skal vera presise og tydeleg beskrive i dokument 04 *Svar og prisskjema*, slik at oppdragsgjevar kan vurdera desse utan kontakt med tilbydar.

5.2 Levering av tilbod og dokumentasjon

Tilbodet skal leverast elektronisk i Artifik. Oppdragsgjevar tilrår at tilbodet vert levert i god tid før utløpet av tilbodsfristen.

Tilbodet skal i sin heilskap leverast innan tilbodsfristen. Ta kontakt med Artifik support ved spørsmål og hjelp med innlevering av tilbod:
https://support.artifik.no/hc/no/categories/36567405214097-Leverand%C3%B8r

Innlevering av tilbod pr. e-post eller liknande vil medføra avvising av tilbodet. Tilbodet skal vera bindande. Leverandøren har risiko for uklarleikar i tilbodet.

Leverandøren skal fylla ut og svara på alle punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som PDF-filer dersom ikkje anna format er spesifisert. Dokument 04 *Svar og prisskjema* skal lastast opp som Excel-fil.

Følgjande dokument skal leverast i tilbodet:

- Attest for skatt og mva.
- Firmaattest
- Dokumentasjon til kvalifikasjonskravet i punkt 3.3 *Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet* (kredittvurdering)
- Dokumentasjon knytt til kvalifikasjonskravet i pkt. 3.4 *Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar* (referanseliste)
- Dokumentasjon knytt til kvalifikasjonskravet i pkt. 3.5 *Miljø*
- Dokument 04 *Svar og prisskjema*
- Dokumentasjon *Kvalitet* – tilbydar si beskriving av totalentreprisen, inntil 800 ord totalt
- Øvrige relevante dokument knytt til tilbodet

5.3 Elektronisk signatur

Leverandørane må nytta seg av elektronisk signatur for å autentisera seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

6 VEDLEGG

- Dokument 02 Behovsspesifikasjon varmesentral- brønnpark Strandebarm skule
- Dokument 03 Behovsspesifikasjon varmesentral - brønnpark Tolo varmesentral
- Dokument 04 Svar og Prisskjema
- Dokument 05 SHA-plan NS 8407 kontrakt brønnpark og varmesentral
- Dokument 06 Tilbodsteikningar Strandebarm skule 251219

- Dokument 07 Strandebarm skule
- Dokument 08 Tilbodsteikningar Tolo Varmesentral 251219
- Dokument 09 Tolo omsorg
- Dokument 10 VA leidningskart Strandebarm skule
- Dokument 11 VA leidningskart Tolo Omsorg
- Dokument 12 Tolo – geotekniske undersøkingar
- Zip-mappe med dokument over eksisterande el-anlegg på Tolo omsorg og Strandebarm skule